# Årsmelding 1983 for Valdreshvelven spel- og dansarlag.

På årsmøtet til Valdreshvelven spelemannslag 12/1-83 vart det vedtake å utvide laget til spel- og dansarlag. Det vart invitert til eit ope møte for å drøfte denne utvidinga, og 24. januar møttest 19 ~~p~~ interesserte på Åsvang skule. Alle desse vart med i det nye laget. På møtet vart også nytt styre vald, og vedtekter for lokale lag som Landslaget for Spelemenn har utarbeidd, vart samstundes gjort gjeldande for laget. Kontigenten vart fastsett til kr. 30 for vaksne og kr. 15 for medlemmer under 14 år.
Valet gav dette resultatet:

Leiar : Nils Rogn
Nestleiar : Ola Gjrihamar
Kasserar : Kari Hagaseth
Skrivar : Birger Bøe
Styremedl. : Knut Skeie
Varamedl. : Nils Leine og Bodil Bukve

Dessutan vart Knut Henning og Arvid Jaa. Myhre valde som revisorar og Sigrid Eggen, Baye O. Wangensteen og Andris Odegården som valnemd.

Styret har i meldingsåret hatt ni styremøter, og av årsmeldinga vil det gå fram kva dei viktigaste sakene/arbeidsoppgåvene har vore.

Det nye laget starta arbeidsåret med å skipe

til kurs og konsert med Sigbjørn Bernhoft Osa 11. og 12. februar. Nettopp Osa var det som førde til danninga av Valdreskvelven spelemannslag i 1962. Han held kurs her i mars dette året, og det var også han som døypte laget. Difor var det ekstra moro at han kunne koma att no 21 år etter, og sjå at hardingfela framleis var i bruk. Og på kurset deltok også heile 19 spelemenn og -kvinner, av desse var 7 under 14 år. Konserten samla omlag 130 tilhøyrarar.

Felekurs heldt også Andris A. Dahle. Utover våren hadde spelgruppa seks kurskveldar i lag med han. Elleve spelemenn deltok.

Kurs vart det også i ~~halling~~lausdans. Her samarbeidde me med Friundervisninga og Ungdomslaget, og av dei elleve deltakarane hadde tre slutta!

Det store arrangementet dette året var Lokallagskappleiken for Valdres. Det var i år 5. gongen denne kappleiken vart arrangert. Derimot var det så langt me kjenner til, fyrste gongen det har vorte skipa til kappleik i Vang. Og siste laurdagen i mai held me på i seks skrive timar på Vang Barne- og Ungdomsskule. I alt 59 deltakarar var med og dessutan stilte eit tilsvarande antal i uskyld klasse. Deltakarane fekk alle med seg kvar sin premie og kvar og ein fekk og ein diplom som Sigfred Hovda hadde utforma.

Med stor innsats frå medlemmene, gjekk dagen utruleg knirkefritt. Salen var fullsett, og trass store utgifter gjekk arrangementet likevel med solid overskot.

I september arrangerte me medlemsfest på Haukåsen. Også her vart det god oppslutning, eller kva skal ein seie når det møter fram 50 av lagets medlemmer!?

Midt i oktober sto laget i samarbeid med kulturstyret som arrangør av ein konsert frå Rikskonsertane "-Og så var det dans attåt." Felegruppa deltok her med tre ~~melodi~~ låttar.

Kurs hadde me og på haustparten. Trygve Bolstad har vore med hardingfelegruppa annankvar måndag frå september og fram til jul. Toraderkurs fekk me og i gang. Arne Hagerup var læremeister for 10 toraderspelekvinner og -menn. I samarbeid med Friundervisninga har laget også halde kurs i Valdresspringar. Læremeister her var Knut Steinsrud, og i alt var innom kurset.

Musikarane i laget har sytt for dansemusikk ved ni tilstelningar dette året. Fire av desse har vore i samband med gamaldansstafetten som kultursekretæren vår, Elisabeth Sparstad, har

teke initiativet til. Denne går på omgang i krinsane i kommunen. Elles spelte me på Jorn Hilme stemnet sundagskvelden. Her i Vang har me spelt på ein kulturkveld i samband med 40-års jubileet til Hare Mannskor, på årsmøte i Vang Handelslag, på ~~pensjonist~~møte i pensjonistforeninga og på midtsumartilstelning ute på Leiriesanden.

Noko reiseverksemd har det og vore i løpet av året. På årsmøtet i Landslaget for Spelemenn på Vinstra stilte me med ~~over~~ meir enn halve styre - dvs. fire stk. Utanom lokalkappleiken har me hatt deltakarar på Jorn Hilme stemnet og på Folkemusikkdagane i Porsgrunn.

Økonomien i laget er god. Spelemannslaget overlet ei rikhaldig kasse til det nye laget. Dessutan har alle våre arrangement dette året gjeve gode overskot. Sist men ikkje minst, har me motteke statlege og kommunale tilskot, gåve frå Vang Sparebank og nokre gåvepremiar til lokalkappleiken.

Me har nytta ein del av midlane til innkjøp av ein langeleik frå Valdres Folkemuseum (laga av Olav Vikan). Denne er no på utlån hjå ein av medlemmene. Me vurderer dessutan innkjøp av opptakarutstyr i det nye år.

Medlemmene har i løpet av året motteke to rundskriv frå styret. Førebels har me som tidlegare nemnt medlemmer. Men med litt aktiv medlemsverving i det nye år, skulle me fint greie å koma halvvegs til hundre. Det er elles grunn til å framheve at me har hatt ein fantastisk innsats frå medlemmene våre ved dei ulike arrangement. Det er inga sak å drive eit lag når medlemsmassen er såvidt interessert og innsatsvillig.

Me vil til slutt få rette ein spesiell takk til folkemusikkinstruktøren for Valdres, Trygve Bolstad, for all hjelp i samband med oppstartinga av det nye laget, lokalkappleiken og all instruksjon i hardingfelespel.